

(08.09.2015)

Det er styrke i kvar dråpe

Lars Emil Berge gjekk i tysdagsavisa grundig til verks og skildra på framifrå måte korleis Høgre for ein del år sidan kjempa for elsertifikat til småkraftverka, og fekk det til, trass stor motstand frå dei raudgrøne. Eg hugsar godt denne kampen, men har sjølv sagt mykje mindre kunnskapar enn han, som sat midt oppe i det.

Det skulle vel eigentleg ikkje mykje til å vera betre enn Jens Stoltenberg den gongen, for han saboterte det meste av grøne idear og ordningar. Høgre gjorde nok ein innsats for at gründerar kunne utnytta dei sterke dråpane i småelvane våre.

Så eg må takka for den fyldige utgreiinga og det reflekterte svaret til Berge. På eit spørsmål som eg aldri har stilt.

Eg skreiv nemleg ikkje om kva Høgre eventuelt kan ha gjort i tidlegare tider, eg skreiv berre om kva dei gjer i 2015, og kva dei legg opp til å gjera vidare framover, basert på Høgre sitt kommunevalprogram. Og der er altså ikkje ordet «fornybar» nemnt ein einaste gong, sjølv om Lars Emil Berge utnemner Høgre til det store fornybar-partiet. I programmet er heller ikkje brukt andre ord som kan tolkast i retning fornybar, korkje på energifronten eller andre område.

I innlegget mitt gløymde eg ordet «omstilling». Det er eit ord som Erna og Monica brukte flittig då dei var i Sunnhordland før helga. Men som altså Kvinnherad Høgre ikkje nemner. Eg trudde faktisk at alle parti var opptekne av dette i desse dagar.

Insinuasjonen hans om at eg kanskje har bada i Møllers tran er derimot ikkje heilt borte i veggene. For då eg var liten fann eg ein heil del gamle tranflasker på loftet, meir eller mindre fulle, og av ymse, men sikkert edle, årgangar. Sidan me grøne alltid har vore opptekne av god ressursutnytting, sette eg desse sterke dråpane til livs. Alle som ein.

Effekten av dråpane varer nok livet ut for meg også. På same måten som for Obelix, som ramla i styrkedråpegryta då han var liten.

Arne Gjerde

Førstekandidat

Miljøpartiet Dei Grøne

PS. Sidan Lars Emil Berge ikkje kommenterer nokon av dei mange andre punkta eg hadde, reknar eg med at dei var ok.